

---

**Fra:** Frode Langeland  
**Sendt:** 1. desember 2017 12:26  
**Til:** firmapost-vest@vegvesen.no  
**Kopi:** Øyvind H Oddekalv; Berit M Eskeland; Postmottak Meland  
**Emne:** fartsreduserande tiltak FV 564

Til Statens Vegvesen  
Plan og forvaltning

Bakgrunnen for denne henvendelsen er mine daglige opplevelser (til og frå mitt arbeide) av høg hastighet og uvettig køyring i 80 og 60 sona, på strekninga frå avkjørsla Dalemarka til Holme i Meland kommune (FV564 Rosslandsvegen). I trafikksikringsplanen for Meland kommune 2017-2020 er denne vegstrekninga ikkje teken med, mitt spørsmål til vegmyndigheten er om det er innarbeid tiltak i eigne planar av førebyggjande art på denne strekninga.

Vegen over «Utsikten» har 80 km sone (dette er vel ein av dei få plassane som har denne fartsgrensa i Meland kommune), er til dels uoversiktleg og utan veglys fram til avkjørsla ved Holmefeltet. Til samanlikning kan nemnast at det frå rundkjøringa på Mjåtveitflaten til krysset Dalstø har ei fartsgrense på 60 km/t, dette er ein strekning som har god vegkvalitet med tilrettelagt fortau. Mitt spørsmål kring dette er kvifor ein ikkje har vurdert same hastighet på den resterande vegstrekninga over «Utsiken» fram til Holme? Når det gjeld vegbelysning er det ei kjensgjerning at dette har betydning for trafikksikkerhet, og trygghet generelt. Det er oppført ei stolperekke på den omtalte strekninga som det kan monterast lysarmatur på, dette er eit enkelt førebyggjande tiltak. Det ferdast både fotgjengarar og syklistar på vegen, noko det ikkje er tilrettelagt for. Ved forbikjøring av desse skaper dette mange farlege situasjonar, i tillegg er det eit punkt langs vegen der der det har vore hjortepåkjørslar.

I gjennom åra har det vore ein god del ulykker på FV564, syner til tiltaksplan for Meland kommune «**trafikksikring 2017-2020**» der det kjem fram at det på denne strekninga har vore flest ulykker i kommunen. Ein kan difor konkludere med at dette er ei [ulykkesutsett strekning](#). På heimesida til statens vegvesen kan ein under pkt. (Fakta om fart) lesa følgjande: **Sannsynligheten for å overleve en frontkollisjon reduseres vesentlig når farten overskrider 70 km/t, uansett hvor kollisjonssikker og moderne bil du har - derfor skilte vi nå med 70 km/t på ulykkesutsatte strekninger.** Denne argumentasjonen bør føra fram til at Statens vegvesen set ei ny fartsgrense på maksimalt 70 km/t, som vil være med å auka trafikktryggleiken generelt.

Vegbredda på deler av strekninga i 80 km sona er under standardkravet etter vegnormalen, og er i utgangspunktet for smal til å ha merka midtstripe. Konsekvensen av dette resulterer i at vegmerkinga (midtstripa) vert sliten bort, og er soleis med på å minska avstanden mellom kjøretøya slik at risikoen for møteulykker aukar. Eg har ved fleire høve teke kontakt med vegmyndigheten om dette, som etter henvendelse har remerka vegbana. Generelt er vegstandaren på denne strekninga av dårleg kvalitet og har svært markant spordjupne i begge kjøreretningar, noko som gjer at regnvatn samlar seg og som kan føra til vannplaning. Her er det absolutt eit behov for re-asfaltering/fresing av vegbana, i forlengelsen av dette kan eg også nemne strekninga frå Frekhaug senter til Krossnessundet bru.

Når det gjeld 60 km sona så byrjar denne like før avkjøyrsla til Holmemarka bustadfelt og Vestbygd skule, her held trafikken begge vegar høg fart mot haldeplassen der passasjerar er samla. Det er eit kryssingspunkt utan fotgjengarfelt mellom haldeplassane, det er og av/påkøyrslar til fylkesvegen frå begge sider. Ved gamle Waldebygget er det merka opp sperrelinje, denne ignorerer enkelte bilistar og utfører til tider hasardiøse forbikjøringar medan bussen står på haldeplassen.

Set i lys av ulykkesituasjonen i heile landet har myndighetene saman med Statens Vegvesen og Trygg Trafikk, lansert 0-visjonen om omkomne og hardt skadde personar i trafikken. Myndighetene har ansvar for å tilby eit vegsystem som tilrettelegg for mest mulig sikker adferd og beskytter mot alvorlige konsekvenser av normale feilhandlinger. Denne strekninga har eit stort potensiale for oppgradering som ivaretek trygg ferdsel, både for mjuke trafikanter og bilister.

Meland kommune må aktivt bidra til at Statens Vegvesen følgjer opp dette.

Ta grep om trafikktryggleiken på denne vegen før ei alvorleg ulykke inntreffer, vi har ingen å mista !

Med vennlig helsing  
Bebuar i Meland kommune.  
Frode Langeland  
Orrhøyen 2A